

Hallingdal brann- og redningsteneste iks

MØTEPROTOKOLL

Representantskapet for Hallingdal brann- og redningsteneste iks

Møtestad: Teams
Møtedato: Torsdag 15.12.2023
Tid: 08¹⁵ – 09⁰⁰
Handsama saker: 10/23 – 11/23
Tilstades: Pål Rørby, Hemsedal kommune, leiar
Solveig Vestenfor, Ål kommune
Heidi Granli, Gol kommune
Tor Egil Buøen, Flå kommune
Anne Kari Eriksen, Nesbyen kommune


Forfall: Merete Gandrud, nestleiar

Andre: Håkon Myro, styreleiar
John Bjella, brannsjef

Diverse merknadar: ingen

Underskrifter:

Stad: Torpomoen
Dato: 15.12.2023


Pål Rørby
leiar


John Bjella
brannsjef

Møteprotokoll er sendt til:

- Hemsedal kommune
- Gol kommune
- Ål kommune
- Nesbyen kommune
- Flå kommune

SAKSOVERSIKT

Saksnr.	Tittel
Sak 10/23	Val av styre i HBR
Sak 11/23	Kostnad frå Hol kommune for bistand i brannen i Hemsedal



SAKSNR. SAKSPROTOKOLL

10/23 Val av styre i HBR

Saksopplysningar:

I tråd med selskapsavtala skal kommunane foreslå to personar (til medlem og vara) frå kvar kommune til styret i HBR. Dei tilsette vel fire representantar (to medlemmer og to vara). Rep.skapet vel styret.

Forslag til kandidatar til styret er:

Flå:

Kjell Erik Østdahl og Turid Lien Nordhagen.

Nesbyen:

Endre Storhaug og Linda Øye.

Gol:

Bård Hagen og Britt Vikane som vara.

Ål:

Håkon Myro og Gudveig Fingarsen som vara.

Hemsedal:

Helene Sagabråten og Tore Flaget.

Tilsette:

Medlem: Øystein Tårneby. Vara: Steffen Strandos

Medlem: Mirjam Borgen. Vara: Vidar Gjestmoen

Det skal velgast leiar og nestleiar i styret.

Vedtak i Representantskapet:

1. Følgande styrerepresentantar er valt:

Flå:

Medlem: Kjell Erik Østdahl

Varamedlem: Turid Lien Nordhagen.

Nesbyen:

Medlem: Linda Øye.

Varamedlem: Endre Storhaug

Gol:

Medlem: Bård Hagen
Varamedlem: Britt Vikane

Ål:

Styremedlem: Håkon Myro
Varamedlem: Gudveig Fingarsen

Hemsedal:

Styremedlem: Helene Sagabråten
Varamedlem: Tore Flaget.

Frå dei tilsette:

Styremedlem: Øystein Tårneby.
Varamedlem: Steffen Strandos

Styremedlem: Mirjam Borgen.
Varamedlem: Vidar Gjestmoen

2. val av leiar og nestleiar til styret:

Håkon Myro er valt som leiar med Helene Sagabråten som nestleiar

11/23 Kostnad frå Hol kommune for bistand i brannen i Hemsedal

Saksopplysningar:

I sak 3/22 vart det gjort vedtak i rep.skapet at kostnaden med brannen i Hemsedal skulle dekkast av kommunane etter eigarandel, i tillegg til vedteke eigarbidrag for drift av brannvesenet (budsjett). Dette fordi kostnaden med brannen var ekstraordinært høg, utover dei oppdrag me budsjetterer for.

I same vedtak vart det i punkt 2 i vedtaket bedt om at styret i HBR førebur ny selskapsavtale innan hausten 2023. Dette med tanke på å få inn ei retningsline i selskapsavtala på kva kostnad som skal reknast som ekstraordinært, og korleis kostnadsfordelinga mellom eigarkommunane skal være når ein ekstraordinær kostnad skal dekkast. Vedtak om endring av selskapsavtala vart gjort i rep.skapmøte 30.11.2023.

Vedtak i sak 3/22:

Vedtak i representantskapet

1. Representantskapet vedtek at kostnadene for brannen vert fakturert kommunane fordelt etter eigarandel.
2. Representantskapet ber om at styret førebur ny selskapsavtale innan hausten 2023.

HBR, Hol kommune og Nore og Uvdal kommune har ei gjensidig bistandsavtale mellom brannvesena (vedlagt). Det er krav i brannlova til å ha ei avtale på bistand mellom brannvesena.

Avtala seier i pk. 6:

«Det brannvesenet som ber om hjelp som skal dekke de faktiske utgifter utover tre timers innsats for mannskap og utstyr som blir rekvirert. Faktiske utgifter følger den arbeidsavtale som hvert mannskap har med sin arbeidsgiver og de avtaler som ligger til HTA og SFS 2404.»

Avtala pk.7 seier:

«For ytelser i henhold til denne avtale faktureres det ikke for hver hendelse. Dersom det ved årets slutt er skjev fordeling av utgifter til innsats, faktureres det i.h.t. avtale.»

Etter brannen så sa ba me biståande brannvesen om at dersom dei planlagte å fakturere så ynskte me faktura raskt for å gjera opp prosjektregnskapet etter brannen (det vart oppretta eit eget prosjektnummer same dag som brannen skjedde). Etter brannen i Hemsedal sa dåværande brannsjef i Hol at han var usikker på om Hol skulle fakturere, men det måtte hans overordna avgjera.

Brannen i Hemsedal skjedde 3. mars. 2022. I rep.skapmøtet den 23.09.2022 vart det i sak 3/22 oppsummert kostnader for brannen i saksframlegget. På dette tidspunktet var det ikkje kome faktura frå Hol. Me gjekk difor ut frå at det ikkje ville koma.

Den 6.03.2023 kom det faktura frå Hol for kostnader med brannen (vedlagt). I samband med bytte av leiarar innan brann og teknisk i Hol i 2022 vart det truleg ikkje fanga opp at me ynskte faktura for brannen raskt dersom dei meinte å fakturere. Men Hol sin faktura er i tråd med pkt. 7 i avtala; at det ikkje skal fakturerast for kvart oppdrag, men ved årets slutt. Dette for å sjå kostnad frå begge partar i samanheng, og fakturere ved skeivfordeling. HBR hadde ingen oppdrag i Hol utover 3 timar (innslag for faktura) i 2022.

Sidan fakturering vart gjort i tråd med pkt. 7 og Hol hadde bistått med vesentleg antall timar i brannen så vurderte me det til at det ikkje var grunnlag for å avslå å dekke kostnad i tråd med avtala. Men fakturaen frå 6. mars 2023 var ikkje i tråd med pkt. 6 i avtala som sier at det er faktiske kostnader som skal dekkast. Hol hadde brukt KS-satsar som er høgare enn dei faktiske kostnadene. HBR ville difor ikkje godta beløpet på fakturaen som var på kr. 360.000,- + mva. Me ba difor om ein ny faktura i tråd med avtala pkt. 6. Det var etter det eit møte mellom HBR og Hol der me diskuterte kostnaden. Ny faktura kom 11. mai 2023, den var redusert til 270.000,- som var i tråd med pkt. 6 i avtala, og det me var einige om i møtet i forkant.

Sidan kostnaden på kr. 270.000,- er ein del av kostnaden som skulle vore med på totalkostnaden for brannen, som rep.skapet vedtok i sak 3/22 pkt. 1, å fakturere kommunane etter eigarandel. Så meiner styret at denne kostnaden på kr. 270.000,- skal fakturerast kommunane fordelt etter eigarandel.

Fordeling pr. kommune:

	Eigarandel	Kostnad
Flå	12,53 %	33831
Nesbyen	18,38 %	49626
Gol	24,71 %	66717
Hemsedal	21,46 %	57942
Ål	22,92 %	61884
Totalt	100,00 %	270000

Brannsjefen si tilråding til vedtak:

Kostnaden frå Hol komme for bistand i brannen vert fakturert kommunane fordelt etter eigarandel

Vedtak i Representantskapet:

Representantskapet avventar svar frå rådmann i Hol kommune før me gjer vedtak.